


For ein strålende og interessann skuledag!!

26.10.2018



Gammaldags skuledag i gammalt miljø. Svært interessant!

Dei var mildt sagt kjempefornøgde dei 6 elevane frå Eining for integrering og opplæring som tilbrakte skuledagen fredag i Uskedalen. På programmet stod besøk på skulemuséet på Haugland og på Fjellandsbø. Dagen vart toppa med det aldeles nydelege haustveret som endeleg dukka opp.



Arif kunne kunsten med kuleramma.

Dei 6 elevane som var med på opplegget, kjem frå Syria og Thailand. I klassen er det til vanleg elevar også frå Filippinene, Kurdistan, Ukraina og Japan. Resten av klassen var forhindra frå å vere med på grunn av

arbeidspraksis, jobb, annan skulegang og sjukdom.

Første stopp var på skulemusèet på Haugland. Her vart dei mottekne av Kristian Bringedal, og med han som lærermeister fekk dei oppleva ein gammaldags skuledag slik den var i Norge for 60-100 år sidan. Skuledagen starta med No livnar det i lundar som vart sunge frå salmeboka med skulemeisteren ved orgelet. Sjølv sagt var det bibelsoga i første time. Det handla om Jesus si omsorg for småborna, og ein av elevane stod ved pulten og les forteljinga slik dei gjorde i gamle dagar.

I 2. time var det norsk, og der var både eventyr og skjønnskrift tema. Timen etter måtte kuleramma fram for då var det rekning. Kuleramma kjende alle elevane til frå tidlegare, og dei meistra kunsten å bruka den svært godt.



Frå landkunne-timen.

Matfriminuttet vart brukt til å sjå seg rundt på skulen. Både sløyden på loftet og kammerset til læraren vart studert før dei tok fatt på dei tre siste timane med landkunna, song og gymnastikk. I songtimen song dei Blåmann, blåmann. I tillegg vart også Hurtigrutesongen til Johannes Kleppevik sunge sidan klassen hadde lært den då dei hadde Norge som tema i norskundervisninga. Til denne fekk dei oppleva skulemeister Kristian på trekkspel.

Skulemeisteren opplevde ingen disiplinproblem. Derimot fekk han flott respons frå svært flinke og engasjerte elevar. Mange gode og relevante spørsmål fekk han frå dei; - flinke i norsk som dei er.

Etter skulebesøket gjekk bilturen til endes på dalen, og neste stopp var i gapahuken ved Fjellandsbøvatnet. Her var det bollar, kaffi, niste, klementiner og anna godt medan vi koste oss i dei nydelege omgivelsane medan alle skein om kapp med den vakre haustsola. Turen gjekk så vidare inn til Fjellandsbøgardane medan praten gjekk godt, og kunnskarar vart utveksla.

Det var ein særdeles fornøgd gjeng som vende nasa tilbake til Husnes. Dei var svært takksame både overfor Kristian Bringedal og overfor Sigmund og Ingunn E. Myklebust som eig gapahuken. - Dette var ein flott og lærerik dag. Kristian var veldig flink, og vi forstod alt han fortalde, var gjennomgangtonen samtidig som dei understreka at det var veldig snilt gjort av han å gjera dette for dei.





Flott gjeng ved Fjellandsbøvatnet.



Ein svært fornøgd gjeng ved Fjellandsbøgardane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland